

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Innspel til nasjonal handlingsplan for berekraftsmåla

Regjeringa ønskjer innspel på følgjande spørsmål, <https://berekraft.regjeringen.no/innspill/>:

- «
- **Målgruppe og mål:** Hvem skal handlingsplanen rette seg mot og hva skal vi oppnå?
 - **Innretning:** Hvordan bør vi legge opp selve dokumentet for at det skal bli et nyttig verktøy for næringsliv, sivilsamfunn, akademia og offentlig sektor?
 - **Problembeskrivelse:** Hvilke utfordringer står i veien for å nå bærekraftsmålene i Norge innen 2030? Hvilke dilemmaer møter din sektor, og hvordan skal vi løse disse dilemmaene?
 - **Måling/rapportering:** Hvordan kan handlingsplanen bidra til bedre måling og rapportering i din sektor?
 - **Tiltak:** Hvilke konkrete forslag til tiltak bør regjeringen vurdere i handlingsplanen?
 - **Annet:** Andre innspill til handlingsplanen?»

I det vidare er Vestland fylkeskommune sine innspel orientert kring punkta gitt i lista over.

Målgruppe og mål

Fylkeskommunar og kommunar er nøkkelaktørar for å bidra til å få samfunnsutviklinga i ei meir berekraftig retning. Utfordringsbiletet krev ei brei omstilling av samfunnet. Dei viktigaste verkemidla er å styrke evna til nyskaping og auke kapasitet til samarbeid på tvers av fag, sektorar og nivå. Difor er mål 17, «Samarbeid for å nå måla», løfta fram som grunnleggande i Utviklingsplan for Vestland. Vi må styrke samarbeidet mellom privat og offentlig sektor, frivillighet, kulturliv og innbyggjarar, og mellom ulike nivå innan offentlig forvaltning. Viktige målgrupper for den nasjonale handlingsplanen er regional stat, fylkeskommunar, kommunar, regionråd, forskingsinstitusjonar, næringsaktørar, interesseorganisasjonar, frivillig sektor og sektormyndigheiter.

Kommunar, fylkeskommunar og andre juridiske einingar i medhald av kommunelova. Både som reguleringsmynde, utbyggjarar og aktørar som skal bidra i arbeidet med å utvikle sosial berekraft, utjamne fattigdom, inkludere og legge til rette for deltaking.

Utbyggjarar – særleg med tanke på planlegging og bygging av offentlig og privat eigde idretts- og friluftslivsbygg, kulturbygg, veg, dei som skal restaurere eldre bygg, osv.

Frivillig sektor med tanke på korleis dei kan følgje opp både i utbyggingssaker og i eigen aktivitet, korleis dei kan nytte berekraftsmåla til å utvikle medlemsgrupper og aktivitetar, til dømes som del av arbeidet med deltaking, mindre ulikskap og sosial berekraft.

Fylkeskommunane vil vere ei særleg viktig målgruppe fordi dei rår over viktige ansvarsområde, tenesteområde og verktøy. Til dømes gjennom å utarbeide regionale planer, temaplanar og strategiar, vere høyringsinstans for div. planer og gjennom å kome med innspel og bidra inn mot utarbeiding av kommunale planar. Fylkeskommunane har ei viktig rolle i å sjå ulike mål, strategiar

og tiltak i samanheng. Dette er ein føresetnad for å trekke i same retning for å oppnå overordna mål. Fylkeskommunane kan soleis ha ei nøkkelrolle i å koordinere innsatsen regionalt, og kan ha ei nøkkelrolle i å samordne arbeidet med å nå FN sine berekraftsmål.

Innretning

I tillegg til å skissere dei overordna måla, tiltak og strategiar meiner vi det er lurt å eksemplifisere konkret tiltak som kan gjerast lokalt. Vise til konkrete eksempel der ein har lykkast lokalt - vise at ein gjennom mange små steg vil bidra til å kunne nå dei overordna måla. Handlingsplanen må vere lett tilgjengeleg, gjerne med bruk av bilde, illustrasjonar, tips og liknande. Ein kan også med fordel vise til aktuelle nettsider/faglitteratur, m.m. Handlingsplanen bør konkretisere døme på tiltak som kan setjast i verk, og bidra til erfaringsutveksling.

Generelt bør det konkretiserast «belønningsordningar»/økonomiske intensiv til å få gjennomført tiltak som bidreg til å nå måla. Gjerne gje bidrag til pilotprosjekt til dei som tek initiativ til å gjennomføre viktige tiltak/prosjekt. Handlingsplanen må følgast opp av konkrete ressursar og økonomiske verkemidlar. Nasjonale myndigheiter kan med fordel også forplikte seg sterkare til å gjennomføre handlingsprogram i regionale planar, fordi dette er planar som er retta inn for å løyse dei største regionale utfordringane i den einskilde region.

Problembeskrivelse

Innleiingsvis vil vi trekke fram at berekraftsmåla er lagt til grunn for «Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 – Regional planstrategi». Dette er det nye fylket sitt felles styringsverktøy for dei neste fire åra. Planen kan lesast her: <https://www.vestlandfylke.no/globalassets/planlegging/regional-planstrategi/utviklingsplan-for-vestland-vedteken-nett.pdf>. I det vidare vert det gjort greie for kva berekraftsmål som er trekt fram som særleg viktige å arbeide med i denne perioden, og som fylkeskommunen inviterer den nasjonale handlingsplanen til å bidra til.

Dei 17 berekraftmåla til FN får fram korleis miljømessige, sosiale og økonomiske dimensjonar ved berekraft påverkar kvarandre. Det er mange døme på at høg måloppnåing innanfor ein av dimensjonane, kan ha utilsikta negative konsekvensar for andre dimensjonar. Når ein ser måla i samanheng kan det oppstå sterke synergieffektar. Dette syner behovet for ei heilskapleg tilnærming til utviklingsspørsmål på tvers av fag og sektorar. Nokre mål er breie og knyter saman alle dei andre, slik som mål 11, som retter seg inn mot berekraftig by og samfunnsutvikling. I Vestland har vi sterk sentralisering mot byar og tettbygde område. Samstundes skal vi sikre helsefremjande og produktive lokalsamfunn i heile fylket. «Berekraftige byar og samfunn» har difor blitt løfta fram i Utviklingsplanen for Vestland.

Dei store konsekvensane av klimaendringar og tap av biologisk mangfald synleggjer korleis klima, miljø og naturressursar er grunnlaget for alt menneskeleg liv og virke. Biosfæren rammer inn og legg grunnlaget for den sosiale berekraftdimensjonen. Saman legg dei grunnlaget for økonomisk berekraft. Omsynet til klima- og miljø er trekt fram som eit premiss for samfunnsutviklinga i Vestland. Dette representerer ei tyngdeforskyving imellom ulike samfunnsomsyn og at klima- og miljøutfordringane er heilt sentrale å adressere. Berekraftsmål 13, 14 og 15 er særleg relevante i denne samanheng. Dersom ein skal sikre ei kunnskapsbasert arealpolitikk som veier behovet for utvikling mot langsiktig forvaltning og vern av arts- og naturmangfald, landskaps- og friluftsverdiar, jordbruksareal, kulturminneverdiar på land, under jorda og i vatn, så treng vi oppdatert og kartfesta kunnskap av arealverdiar. Dette krev utvikling av felles verktøy som bidreg til å synleggjere og vurdere samla konsekvensar av tiltak. Dette bør handlingsplanen for berekraft adressere.

Forskjellane i samfunnet har vore aukande og å utjamne sosial ulikskap og fattigdom er eit mål i Vestland. Dei 17 berekraftmåla er retta mot å løyse årsakene til utfordringane, gjennom fokus på konkrete mål og delmål. Det er òg eit viktig prinsipp at dei svakaste må få høg prioritet i utviklinga, utan at andre grupper får dårlegare vilkår. Berekraftsmål 10 «Mindre ulikskap» inneber at alle menneske skal ha like moglegheiter og at tersklane for deltaking bør vere låge. Dette er løfta fram som eit grunnleggande mål for å møte fleire ulike ulikskapsutfordringar i Vestland. Kompetanse og utdanning er nøkkelfaktorar for utvikling, både for den einskilde og for samfunnet. Ungdom som ikkje har fullført vidaregåande opplæring er særleg utsett for å hamne varig utanfor arbeidslivet. Andelen med grunnskule som høgaste fullførte utdanning har diverre auka dei siste åra. Berekraftsmål 4 «God utdanning» er difor trekt fram for å sikre inkluderande, rettfærdig og god utdanning for alle.

Kommunal planlegging/arealbruk kan gi utfordringar knytt til korleis kommunane tenkjer rundt sin arealbruk opp mot det å ta vare på kulturminne, gjenbruk av bygningsmasse, utbygging av idretts- og friluftsanlegg, bruk av byggemateriale, m.m. Offentleg, frivillig og privat sektor vil alle ha ansvar for å bidra til å utvikle sosial berekraft. Korleis kan offentlege styresmakter legge til rette for at frivillig og privat sektor kan bidra her? Mange miljø og enkeltpersonar er positive til å bidra, det trengst strukturar og incentiv for å trappe opp innsatsen.

Vestland er ein sterk verdiskapingsregion med høg kunnskap, kompetanse og ein internasjonal posisjon innan teknologi. Dette gir oss eit solid grunnlag for ei samfunnsutvikling med balansert folketal, høg velferd og stabil vekst. I ei globalisert verd kan dette situasjonsbiletet fort endre seg og gi oss heilt nye, uføresette utfordringar. Eit svært aktuelt døme på dette våren 2020 er koronapandemien og tiltaka for å stoppe utviklinga av denne. Mål 8, 9 og 12 handlar om anstendig arbeid og økonomisk vekst, innovasjon og infrastruktur, og ansvarleg forbruk og produksjon. Desse måla er trekt fram for å sikre ei robust samfunnsutvikling i Vestland og har blitt svært aktualisert av koronapandemien som no pregar heile verda.

Ei anna utfordring er å få samfunnsplanlegginga på ulike felt, med tilhøyrande handlingsplanar og tiltak, til å henge saman. Her meiner vi fylkeskommunane kan spele ei avgjerande rolle og dette ligg også i fylkeskommunane sitt mandat gjennom utarbeiding av planstrategi med tilhøyrande regionale planar og temaplanar. Dette er planar som skal sikre at alle aktørar i regionen skal trekke i same retning – ikkje berre fylkeskommunen eller offentleg sektor. Gjennom nasjonal handlingsplan for berekraftsmåla meiner vi at regjeringa må styrke gjennomføringa av dei regionale planane sin posisjon til å få til ønskja samfunnsutvikling.

Døme frå samferdselssektoren

Ei stor utfordring for innanfor fylkeskommunen sine ansvarsområde i samferdselssektoren, er at vi ikkje har økonomiske rammevilkår til å kunne gjennomføre tiltak raskt nok for å nå fristane for berekraftsmåla. Om Vestland fylkeskommune ikkje har stor nok økonomisk handlefridom, eller har økonomiske intensiv/»belønningsordningar» når ein gjennomfører tiltak for å nå måla, vert det gjerne mange fine mål og strategiar men for lite handling.

Eksempel på tiltak og utfordringar med finansiering som t.d. koplast direkte til berekraftsmål nr.9.1 og 11.2:

«11.2) Innan 2030 sørge for at alle har tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem til ein overkomeleg pris og betre tryggleiken på vegane, særleg ved å leggje til rette for kollektivtransport og med særleg vekt på behova til personar i utsette situasjonar, kvinner, barn, personar med nedsett funksjonsevne og eldre.

9.1) Utvikle påliteleg, berekraftig og solid infrastruktur av høg kvalitet, inkludert regional og grensekryssande infrastruktur, for å støtte økonomisk utvikling og livskvalitet med vekt på overkomeleg pris og likeverdig tilgang for alle.»

Eksempel på tiltak:

- ✓ Vestland har gått føre for å elektrifisere ferjene, men får samtidig store ekstrautgifter som ikkje vert kompensert godt nok.
- ✓ Vestland har brukt og vil bruke mykje pengar på å betre tryggleiken og framkome på fylkesvegane, men behova overskrid langt det vi har til rådvelde. Som konkret eksempel kan vi nemne oppgradering av tunnelar etter «Tunnelsikkerhetsforskriften», som er viktig for å auke tryggleiken på vegane. Her får fylkeskommunen kompensert berre ein brøkdelen av kva det faktisk kostar. Eit anna eksempel er satsing på rassikringstiltak, som er svært viktig for Vestland. Vestland har no mange byggjeklare rassikringsprosjekt og mange prosjekt under utgreiing. Det er derfor svært viktig at regjeringa vidarefører og styrkjer ordningar for å kunne få finansiert desse viktige prosjekta. Dette er viktige for å betre framkome og tryggleiken til trafikantane på Vestlandet inkl. mjuke trafikantar og kollektivtrafikken.
- ✓ Vestland har gjennom det vi no kallar Miljøloftet gått føre for å nå nullvekstmålet med storstilt utbygging av bybane, lagt betre til rette for mjuke trafikantar gjennom utbygging av G/S-vegar m.m. og satsa på universell utforming som er viktig for personar med

nedsett funksjonsevne. Tiltaka i Miljøløftet har blitt finansiert av statlege midlar, lokal bompengainnkrevjing og fylkeskommunale midlar. Auka statleg bidrag og «belønningsordningar» meiner vi vegen å gå om ein lokalt og regionalt skal klare å ta dei økonomiske løfta som skal til for å nå viktige berekraftsmål.

Måling/rapportering

Å følge opp berekraftsmåla og måle graden av berekraft i samfunnsutvikling er komplekst. FN har i 2017 publisert ei omfattande liste med 232 globale indikatorar til bruk i arbeidet med å følge opp berekraftsmåla. Fleire aktørar jobbar med å utarbeide gode og relevante indikatorar på nasjonalt, regionalt og kommunalt nivå, og det finst i dag fleire ulike indikatorsett.

Eit system for oppfølging av berekraftsmåla bør vere integrert, systematisk og langsiktig. Oppfølging av berekraftsmåla inneber innsamling, overvaking og analyse av data, og i nokre tilfelle produksjon av data. Dette er eit omfattande arbeid, som på ei rekke område er samanfallande med arbeid og rapportering som allereie i dag blir gjennomført. Oppfølging av berekraftsmåla bør sjåast i samheng med andre måle- og rapporteringssystem. Eit godt system for indikatorrapportering kan bidra til å styrke målstyring og rapportering.

Vestland fylke er opptatt av at ein definerer nokre få og gode måleindikatorar, i staden for svært mange. Vi må unngå at mange aktørar brukar veldig mykje tid på å skrive rapportar og rapportere på svært mange indikatorar som kan vere krevjande å få nøyaktige tal på. Rapportar og indikatorar bør etter vår meining i størst mogleg grad ta utgangspunkt i allereie tilgjengeleg offentleg statestikk og data. I oppfølginga av den nasjonale handlingsplanen, bør utvikling av gode nasjonale indikatorar bli vektlagt.

Tiltak

Vestland fylkeskommune har gjennomført og har planar om å gjennomføre mange tiltak som vil bidra med å kunne nå berekraftsmåla. Sett frå vår side vert derfor eit viktig tiltak i den nasjonale planen og gje fylkeskommunane og kommunane rammevilkår til å kunne gjennomføre tiltak. Dette går på både:

- Økonomisk handlefridom og intensivordningar for dei som faktisk gjennomfører konkrete tiltak for å nå viktige mål
- Sjølvråderett regionalt til å kunne ta avgjerder innanfor til dømes forvaltning av fylkesvegane - ha nødvendige fullmakter innanfor t.d. trafikktryggingstiltak, arealplanlegging, val av standardar for å få mest mogleg veg for pengane m.m.
- At Utviklingsplan for Vestland og regionale planar, som igjen tek utg.pkt. i sentrale planar og mål som til dømes berekraftsmåla, vert styrande og gir retning for utviklinga både lokalt og for sentrale styresmakter. Det er i regionale planar ein kan sjå ulike mål og konkrete tiltak i samheng og sikre at ein går i same retning.

På kunst- og kulturfeltet finst det ingen/få konkrete mål/delmål og indikatorar for berekraft. Kanskje kan regjeringa utfordre kulturdepartementet til å utvikle konkrete mål/delmål og indikatorar for feltet?

Nokre sentrale kulturorganisasjonar har tatt initiativ til «Grønt vegkart for kultursektoren». Kan departementet vurdere om dette er eit tiltak som kan løftast, utviklast og gjerast innarbeidast i arbeidet med berekraftsmåla?

Kva skal til for å gjere små og store kultur- og idrettsarrangement berekraftige? Kan t.d. det arbeidet «Bislettalliansen» gjer løftast? Andre gode døme som kan løftast?

Som døme på konkrete tiltak, kan vi trekke fram samferdselssektoren. I denne sektoren kan vi peike på nokre generelle tiltak som vi ser i samheng med konkrete berekraftsmål.

Ein del av måla, t.d. mål 11.2 og 9.1 nemnt under «problembeskrivelse» ovanfor, går konkret ut på å sikre samfunnet tilgang til trygge, tilgjengelege og berekraftige transportsystem og betre tryggleiken og framkome på vegane – generelt god og berekraftig infrastruktur. Vestland fylkeskommune er den største vegeigaren i Vestland, så det seier seg sjølv at drift, vedlikehald, oppgradering og vidare utbygging av fylkesvegnettet inkl. gang- og sykkelveg har stor verknad for korleis vi lykkast med å oppnå måla. Mykje av kollektivtrafikken går på fylkesvegane, så dei er

også svært viktige for framkome og tryggleiken til kollektivreisande. Satsing på kollektivtrafikken, gange og sykkel er veldig viktige tiltak for å nå nullvekstmålet og andre berekraftsmål. Turisttrafikken vert også meir berekraftig om transportsystem og infrastrukturen vert «grønare». J.fr. målsetting 8.9). *Innan 2030 utarbeide og setje i verk politikk for å fremje ei berekraftig turistnæring.*

Fylkeskommunen har ei viktig rolle i å betre infrastrukturen (fylkesvegnettet) gjennom å oppgradere vegnettet til å takle klimaendringar som fører til meir nedbør, flaum og ras, samt å ha god nok beredskap til å takle uføresette naturhendingar på fylkesvegane. Dette kan vi sjå i direkte samanheng med målsetting 11. b og 11.5 der det mellom anna står «*innan 2030 oppnå ein vesentleg reduksjon i talet på dødsfall og talet på personar som blir ramma av katastrofar, inkludert vassrelaterte katastrofar...*» «*...tilpassing til klimaendringar og evne til å stå imot og handtere katastrofar, og dessutan utvikle og setje i verk eit heilskapleg system for risikostyring og katastrofehandtering på alle nivå...*» Her har fylkeskommunen ei stor utfordring med skaffe til veie nok midlar til å ta att vedlikehaldsetterslepet og gjere nødvendige oppgraderingar der risikoen for naturhendingar og ulykker er størst.

Nokre berekraftsmål, t.d. 8.8, 1.3, 3.8 og 3,9 m.fl. går ut på å verne arbeidrettar og fremje eit trygt og sikkert arbeidsmiljø for alle arbeidstakarar, samt hindre farleg utslepp av miljøgifter i naturen. Her kan INV spele ei rolle i forhold til kva krav vi set til leverandørane i konkurransegrunnlag for anbudsprosessar og korleis vi konkret følgjer opp på byggjeplassen at rettar og pliktar vert følgt i praksis. Generelt kan fylkeskommunen påverke utviklinga gjennom å vektlegge berekraftige ordningar for offentlege innkjøp j.fr. t.d. mål 12.7 *Fremje berekraftige ordningar for offentlege innkjøp, i samsvar med politikk og prioriteringar i dei enkelte landa.*

Andre mål, t.d. 9.4 og 7.a går ut på å sikre at næringslivet og samfunnet generelt får ein meir berekraftig produksjon og syte for meir innovative og miljø- og klimavenleg sluttprodukt (maskiner, transportmiddel m.m.). Fylkeskommunen kan her bidra ved å sette krav til meir klima og miljøvennleg byggjeplass og maskinpark m.m. ved drift, vedlikehald og utbygging av fylkesvegar. I tillegg kan vi etterspørje miljø- og klimavenleg produkt/teknologi ved innkjøp, mellom anna ved utlysing av buss-, hurtigbåt og ferjeandod. Her krev det og store økonomiske ressursar som vi håpar den statlege handlingsplanen kan bidra til.

Ny innovativ teknologi kostar gjerne meir i startfasen, men det er viktig at nokon går føre og etterspør slik produkt om næringslivet skal sette i gang produksjon. Eit viktig tiltak frå statleg hald er derfor som nemnt å gje større statlege tilskot/bidrag til dei som vil kjøpe ny miljø- og klimavenleg produkt som transportsystem, transportmiddel, maskiner m.m.

Med helsing

Synnøve Stalheim
seksjonsleiar

Hans-Christian Engum
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor inga handskriven underskrift